



Nynorsk kultursentrum

# Langtidsplan for sikring og bevaring 2020-2022

1 Vedtak.....	2
2 Mål og tiltak frå strategisk plan .....	2
3 Målekriterium .....	2
4 Status og utviklingstrekk.....	2
5 Mål og tiltak .....	2
6 Økonomiske og administrative konsekvensar .....	3

## 1 Vedtak

Styret vedtek langtidsplanen med dei merknadene som kom fram i møtet.

## 2 Mål og tiltak frå strategisk plan

### 4 Samlingane er sikra, registrerte og gjorde digitalt tilgjengelege.

- a. Gjenstands- og kunstsamlinga er sikra, registrert og gjort digitalt tilgjengeleg i 2021.
- b. Fotosamlingane er sikra, registrerte og gjorde digitalt tilgjengelege i 2024.

### 7 Arenadrift

2.a Vedlikehaldsplan for bygningar og eigedom (Ivar Aasen-tunet) blir fastsett i 2021.

4. Arenadrift er berekraftig og tek omsyn til klima og miljøet.

## 3 Målekriterium

- Talet på branntilløp
- Talet på tjuveri/tjuveriforsøk
- Talet på rapportert brot på tryggleiksrutinar
- Talet på rapportert brot på bevaringsrutinar
- Talet på lekkasjar

## 4 Status og utviklingstrekk

ICOM sitt museumsetiske regelverk ligg til grunn for arbeidet med sikring og bevaring. Direktør har det øvste ansvaret for sikring og bevaring. Dette er delegert til avdelingsleiarar, driftsansvarleg, bibliotekar og konservatorarar i det daglege.

Menneske er det viktigaste. Både gjester og tilsette skal vere trygge om noko skjer. Nynorsk kultursentrum følgjer dette opp i *HMS-planen*. Mange emne er allereie overførte dit frå tidlegare sikrings- og bevaringsplanar. Alle alarmsystem og kritiske sikringsrutinar er etablerte, men er ikkje omtalte i denne planen. Rutinedokumenta er lagra på fellesområdet.

Nynorsk kultursentrum rår over store verdjar. Å ta vare på desse verdiane er ei viktig oppgåve, då verken gjenstandar eller samlingar kan erstattast. Store deler av desse gjenstandane blir lagra i gjenstandsmagasinet i hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet, der dei er sikre, men der er òg gjenstandar i dei eldre bygningane. Desse bygningane blir nytta til omvisingar, og må såleis òg vere sikra.

Eit museum må difor sikre seg mot så vel skader på hus og samlingar som personsadar, både på tilsette og publikum. Brann, innbrot, tjuveri, hærverk, vass- og frostsadar, slitasje elles og skade på gjenstandar, er risikoar ein må ta høg for i beredskapen.

Den overordna prioriteringa er at om sikring og estetikk kjem i konflikt, vil vi normalt velje dei løysingane som best dekkjer sikrings- og bevaringsbehova.

## 5 Mål og tiltak

Gjenstandane blir oppbevarte i magasin og stilte ut på ein måte som gjer at dei blir bevarte best mogleg. I gjenstandsmagasinet er det i Aasen-tunet også avgrensa plass til historiske fotografi og til kunst som ikkje heng på veggane. Arkivmateriale og bøker blir hovudsakleg oppbevarte i arkivmagasin og bibliotek.

Gjenstandsmagasinet i Aasen-tunet skal alltid vere låst, og frå hausten 2020 berre brukast til samlingane. Rommet skal ikkje brukast meir enn nødvendig. Berre tilsette med eigen nøkkel har tilgang til rommet.

Det er eit lite magasin ved Hauge-senteret. Elles er gjenstandar og arkiv bevarte på best mogleg måte i utstillingane, eller dei er forvalta av andre. Vinje-senteret har få eigne gjenstandar og arkivmateriale. Desse er lagra ved Vest-Telemark museum eller i Aasen-tunet.

Det er utvikla eige rutinedokument for handtering av museumsgjenstandar.

#### 1 Rutinane for bevaring blir følgde

- a. Alle nytilsette får opplæring i rutinane for handtering av bevaringsverdig materiale.
- b. Rutinar og tiltak blir samordna med *ABC for vakthavande* for Aasen-tunet og tilsvarande innan juni 2020 for Hauge-senteret og før opning i 2021 for Vinje-senteret.

#### 2 Gjenstandane, fotografia og arkiva blir bevarte

- a. Ventilasjonsanlegg ved Hauge-senteret kjem på plass seinast i 2021.
- b. Sårbare gjenstandar blir gått gjennom i 2022, og det blir budsjettert med eventuelle konserveringstiltak dette året.
- c. Digitale samlingar skal vere sikra etter gjeldande kriterium frå kulturminnestyresmaktene.
- d. Nye gjenstandar, fotografi og arkiv skal vere gått gjennom for skadedyr, råte og vere reingjorde slik at dei ikkje fører til skade på andre samlingar.
- e. Gjenstandane i basisutstillinga i Ørsta blir sikra seinast i 2021.
- f. Videoovervaking blir vurdert som tiltak frå 2020.

#### 3 Bygningane og kulturlandskapet blir vedlikehaldne

- a. Det blir fastsett bevaringsplan og vedlikehaldskriterium for smia, stabburet, Gamlemuseet og hovudbygningen i 2021.
- b. I 2022 blir det fastsett plan for å oppretthalde biologisk mangfald og kulturhistoriske vegfar og merke i Ivar Aasen-tunet
- c. Nynorsk kultursentrum nyttar leigde eigedomar (Heradshuset, Vinje skule, Vinjar, Vinjestoga, Midtbø) med omsut og har kontakt med kulturminnestyresmaktene for å ta vare på bygningane og landskapa dei er ein del av, på linje med dei bygningane vi eig.

#### 4 Bygningar og samlingar er sikra slik at verdien ikkje blir tapt.

- a. Gjester og forskarar skal fortrinnsvis ha tilgang til digitalisert materiale. Berre unntaksvis blir det gitt tilgang til originalar, og då berre i lag med tilsett med mynde til dette.
- b. Forsikringane for eigne samlingar og samlingar i deponi blir gått gjennom før opning av Vinje-senteret og eventuell overtaking av formidlinga på Midtbø i 2021.
- c. Alarmsystema og sikringsrutinane blir gått gjennom grundig kvart andre år, og tiltak blir vurderte i samband med budsjettprosessen kvart år.
- d. Det skal vere fri tilkomst til Aasen-tunet heile året.
- e. Plan for restverdisikring blir avtalt med lokale brannstyresmakter i 2020 (Vinje 2021)

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Vedlikehaldsplanen som blir fastsett for Aasen-tunet vil ha økonomiske konsekvensar. Drift av bevarings- og sikringstiltak er ein del av det ordinære driftsbudsjettet.

